

LÅT O LINK

Nummer 1
Februar 2010
Årgang 20



Profil 1/10: Esther Sonja Bergene – dansarinne frå Etnedal.
Les meir om Esther på side 15.

- Folkemusikksenteret er i gang, side 9
- Folkemusikk – nytt blad, side 15
- Farah Diba, veret og fashion, side 10
- Tilskottsordninga held fram, side 13
- Nils Leine, ein sann ven
- Dansedokka Nils, side 14

Mot ljossare tider?

Eg sit her og skriv leiar til Låt ò Link i ei underleg blanding av meldingar. Mangeårig dagleg leiar i Landslaget for Spelemenn, Magnar Sundt, vart nyleg funnen død heime i si eiga seng. Han vart knapt 55 år. Dette var ei uendeleg trist melding å få, og noko som vil påverke oss. Alle har sett Magnar travel på Landskapleikar og Landsfestivalar. No er han altså borte.

Det går mot årsmøtetid, og vi kan sjå tilbake. Det har vore eit spesielt arbeidsår for oss i styret. Det starta med eit engasjert årsmøte i mars 2009, som på mange måtar har prega oss heile det neste året. Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko vart skilt ut av den daglege drifta av folkemusikklaget, og vi mista den daglege kontakten med tilsette. Dette har gjort at vi måtte definere arbeidsmåtar på nytt, når vi ikkje lenger har hatt ein Solveig til å dytte på oss.

Gledelege meldingar har det kome. AS-et vart laga for å sikre oss mot store underskot. I det første arbeidsåret sitt leverer dei eit resultat som i skrivande stund ser ut til å ligge på om lag 180 000,-. Samstundes høyrer vi at tilskota frå fylket og kulturrådet aukar med over 200 000,-. Det er flott, og gjer at dei kan utvide stillingar og sikre betre arbeidsvilkår for hardt prøva tilsette.

Folkemusikklaget har også hatt eit godt økonomisk år. Med eit resultat på rundt 70 000,- har vi sikra eigenkapitalen, og truleg eit bra utgangspunkt for å kjøpe nokre små sekretærtjenester att. Eg trur det er viktig for miljøet at vi har ein Solveig å ringe til, ein som tek initiativ, hjelper til med søknader og ser moglegheiter.

På slutten av 2009 var Valdres folkemusikklag med og stifta Austnorsk folkemusikksenter saman med museet og AS-et. Regionale og fylkeskommunale midlar gjorde det mogleg å tilsetja Bente Hemsing til å arbeide for auka kompetanse blant utøvarar og arrangørar av folkemusikk. Senteret skal arbeide med heile Austlandet som arbeidsfelt og det er såleis flott at vi har sikra oss dette i Valdres. I 2010 er det mykje som tyder på at også dei statlege midlane kjem.

Kva er ikkje nøgd med? Eg er ikkje glad for dei spenningane som oppsto etter årsmøtet i fjor. Etter mi meining handlar dette mykje om ulikt syn på utviklinga av mellom anna Hilme-stemnet. Valdres folkemusikklag må ta grep som sikrar at alle som har meiningar om stemnet kjem til orde. Styret har difor avtalefesta med AS-et at det skal gjennomførast eit ope evalueringsmøte kvar haust, slik at alle som har meiningar kan koma til orde. Personleg vil eg elles minne om at den beste måten å få innverknad på stemneprofilen, er å engasjere seg i gjennomføringa.

Eg er heller ikkje nøgd med at vi ikkje har klart å koma i gang med arbeidet for å få til meir samarbeid mellom lokallaga og kulturskulane. Det er nemleg i amatørkulturlivet og i rekrutteringa vi har dei største utfordringane. Det er her vi må spisse arbeidet vårt framover.

Så skal det nok snart gå mot ljossare tider.

*Frode Rolandsgard
Leiar i Valdres Folkemusikklag*



Minneord

Magnar Sundt (1955–2010)



Den kaldaste og vakraste vinteren i manns minne. Vinter var den årstida Magnar Sundt sette mest pris på. Vi trur at dette var den siste opplevinga hans; ein skitur – eit krafttak – i gnistrande snø, før han sovna inn i heimen sin. Magnar Sundt døydde onsdag 27. januar, knapt femtifem år gamal.

Ein bauta i norsk folkemusikkmiljø er borte. Den eine dagen i full vigør med planlegging av årets store folkemusikkfestivalar. Den neste dagen borte. Vi står fattigare att.

Magnar Sundt var Landslaget for Spelemenn sin administrasjon personleg frå 1984 og fram til samanslutninga med Norsk Folkemusikk- og Danselag i fjor, med unntak av fire år i Krødsherad kommune. Han bygde opp administrasjonen frå 1 stilling til dei 9 som vi no har i ein samla folkemusikk- og folkedansorganisasjon. Han jobba saman med andre musikk- og kulturorganisasjonar og deltok i nordisk samarbeid. Organisasjonen utvikla seg til ein viktig kulturpolitisk aktør i Magnar Sundt si tid.

Han var mannen som aldri framheva seg sjølv, men som alltid var der for oss – med kunnskapen, kompetansen og tryggleiken sin. Dansar var han, med pols i Brekkentradisjon – og felespelar, i Østerdølenes spelemannslag. Men først og fremst var han for oss mannen med sikker kunnskap om tradisjonen, organisasjonen; folkemusikksoga og heile folkemusikk-Noreg. Han la ned ein enorm innsats i jobben sin. Han var ein markert leiar, sjølv om han ikkje var den som likte å stikke seg fram. Magnar Sundt var ærleg mot seg sjølv og andre. Han hadde sin sikre, stillfarne stil. Han var ein sann ven. Han kom alltid med gode og gjennomtenkte råd.

Arbeidsplassen til Magnar Sundt står tom. Der brenn eit ljøs, der er kvite blomar – og på oppslagstavla heng Olav H. Hauge sitt dikt «Kvardag». Minna om Magnar Sundt skal vere med oss i kvardag, og i fest – i takksemd for alt han var for oss. Tankane våre går til nær familie og vener. «Dei store stormane har du attum deg. Då spurde du ikkje kvi du var til, kvar du kom ifrå eller kvar du gjekk, du berre var i stormen, var i elden.»

*Nils Øyvind Bergset
Randi Skeie*

Minneordet vart publisert på www.folkemusikk.no 4. februar 2010.

Eigarskapen til Valdres folkemusikkarrangement AS

På årsmøtet i Valdres folkemusikklag (VFL) i 2009 vart det vedteke å stifte Valdres folkemusikkarrangement AS (VFAS). AS-et vart deretter stifta av styret i VFL. Det var ulike meiningar om eigarskapen og dermed om kven som skulle sitja i generalforsamlinga til AS-et, lokallaga og/eller styret i VFL.

Årsmøtet stemte for eit AS, men bad styret i VFL greie ut lokallaga si rolle i eigarskapen i løpet av førstkomande arbeidsår. Ivar Hemsing og Ellen Persvold vart bedne om å utarbeide eit grunnlag for styret i VFL basert på årsmøtevedtaket. Vedlagt fylgjer utgreininga frå utvalet, som vil bli lagt fram til drøfting under VFL sitt årsmøte tysdag 23. mars.

Alternativ 1

VFL er eineigar med alle aksjane.

Styret i VFL utgjer generalforsamlinga i AS-et. I denne modellen kan lokallaga styre stemnet indirekte gjennom val av styremedlemmer i VFL, gjennom føringar i arbeidsprogrammet for VFL og gjennom evaluerings- og revideringsmøtet kvar haust.

Punkt 10 i Leige og samarbeidsavtala mellom VFL og VFAS handlar om evaluering og revidering av stemnet. Arenaen bør organiserast som eit ope møte der medlemmar av VFL har møterett, og med offisiell representasjon frå lokallaga etter innkalling. Styret i VFL, VFAS og daglege leiarar bør ha møteplikt.

Styret i VFAS bør arrangere evaluerings- og revideringsmøtet. Møtet må haldast på hausten før søknad om festivalstøtte blir sendt til Norsk kulturråd, seinast innan 1. september.

Eventuelle vedtektsendringar for VFAS kan i denne modellen leggjast fram for årsmøtet i VFL før eventuelle vedtak i generalforsamlinga.

Fordelar med alternativ 1

- Organiseringa vil styrkje VFL som regional og nasjonal aktør, og gjennom VFL vil Valdres ha ein stemme inn i nasjonale organ. I nasjonal samanheng vil tette band mellom VFL og VFAS vil vera svært gunstig for både partar.
- Ein unngår overforbruk av ressurspersonar i lokallaga ved å ha same person i VFL-styret og i generalforsamlinga for AS-et.
- Lokallaga og medlemmar i VFL si rolle gjennom Evaluerings- og revideringsmøtet vil gi utviklinga av stemnet eit demokratisk grunnlag. Møtet vil også gi auka kunnskap om drifta og breiare engasjement i utvikling av stemnet.
- Ansvar vil vera tydeleg definert med ein eigar dersom det skulle oppstå utfordringar/problem.

Ulempe med alternativ 1

- Er VFL sterkt nok pt til å vera einestyrande, eller vil det vera ein styrke å ha fleire medspelarar på eigarsida?
- Styret i VFL, og dermed VFAS, har ikkje representantar frå alle lokallag til kvar tid. Dette kan vera ei demokratisk utfordring for medlemslaga i VFL. Eit alternativ er å gå tilbake til ordninga der alle lag er representerte i styret i VFL, men samtidig er dette ein praksis ein gjekk bort frå tidleg på 2000-talet fordi det ikkje fungerte slik ein kunne ynskje.
- Det er ein fare at lokallaga vil kjenne mindre tilhørse når dei ikkje er direkte medeigarar i AS-et og ikkje er direkte representerte i generalforsamlinga.
- Lokallaga har vore med på å byggje kapitalen som er brukt til å realisere VFAS. Korleis vil motivasjonen vera i framtida for å bygge vidare innanfor dette alternativet?
- Ein kan få overforbruk av einskildpersonar som har ulike posisjonar i VFL og VFAS.

Alt 2

Lokallaga er medeigarar i VFAS saman med VFL

Ein representant frå kvart av laga utgjer generalforsamlinga i VFAS. Lokallaga vil her styre VFAS indirekte gjennom VFL sin representant og direkte gjennom eigen representant.

Generalforsamlinga i VFAS blir valt gjennom at:

- VFL oppnemnar eigen/eigne representantar med vara frå sitt styre.
- Lokallaga vel sin representant med vara på eige årsmøte.

Fordeling av aksjar

Det må avgjerast om alle skal ha lik makt inn i generalforsamlinga, eller om VFL skal ha aksjemajoritet. I prinsippet har generalforsamlinga eit felles overordna ansvar for AS-et, men ein kan truleg styre ansvaret internt i generalforsamlinga gjennom ei aksjonæravtale der delar av generalforsamlinga får eit særskilt ansvar for å følgje opp arrangementet utanom generalforsamlingane. Dette kan t.d. vera å arrangere møte mellom AS-et og eigarane, følgje med på arbeidet, ta initiativ ved kriser osv.

Fordelar med alternativ 2

- Direkte deltaking i generalforsamlinga vil gi auka og breiare engasjement i utvikling av stemnet.
- Demokratisk modell der alle meiningar får uttala seg innanfor rammene generalforsamlinga gir.
- Alternativet vil auke kunnskapen om drifta av stemnet blant fleire.

Ulempe med alternativ 2

- Ved lik fordeling av aksjane blir VFL som regional og nasjonal aktør svekka.
- Ved å dele opp dugnadskompensasjonen vil VFL som organisasjon bli svekka.
- Den demokratiske modellen gjer eigargruppa stor og kan føre til ei pulverisering av ansvar når spesielle utfordringar oppstår.

Tilråding

Utgangspunktet for arbeidet har vore å vurdere kva for type eigarskap som best mogleg sikrar organisasjonane dynamikk og stabilitet, samstundes som lokallaga får innverknad på utviklinga av stemnet. Det vil uansett resultat vera viktig at organisasjonen er tilfreds med resultatet.

Organisasjonsmessig er generalforsamlinga det øvste organet til VFAS, men det vil vera avgrensa kva den ordinære generalforsamlinga skal handsame, jf utkast til vedtekter §7:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse, herunder disposisjon av overskot eller dekking av underskot.
2. Val av styre og styreleiar.
3. Val av revisor.
4. Andre saker som etter aksjelova og vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.
5. Generalforsamlinga peiker ut ei valnemnd på tre personar for neste val.

Ut frå desse punkta og generalforsamlinga sin natur vil det vera lita mulegheit for å påverke det kunstnarlege innhaldet eller stemneprofilen gjennom representasjon i generalforsamlinga. Dersom målet er å påverke profilen og innhaldet i stemnet, vil truleg evaluerings- og revideringsmøtet vera ein god arena. Ei generalforsamling er ikkje plassen for å diskutere innhaldet i stemnet.

Me vil understreke at dette er ei skisse til organisering. For å kunne gjera eit best mogleg arbeid fram mot årsmøtet, ber me om at eventuelle innspel blir gitt innan 5. mars til: Ivar Hemsing, hemsing@c2i.net eller Ellen Persvold ellenpersvold@hotmail.com. Du kan også ringe Ivar på mobil 481 28 610.

4. februar 2010, Ivar Hemsing og Ellen Persvold

Lite tå kort

Faktaboks

Låt ò Link er eit frittstående folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag.

Idear, ei god historie eller anna stoff, kan du sende til: post@valdresfolkemusikklag.no eller til

Valdres folkemusikklag, Tyinvegen 27, 2900 Fagernes

Merk e-postane eller konvoluttane med "Låt ò Link"

Formgjeving: Gyda Grøndalen Hoffmann

Opplag: 450

Valdreskappleiken

10. april samla heile Valdres seg i Vang, ungdom i alle aldra vil spela, danse og gjera go'karstykkjo tå ymse slag utover heile dagen o te langt på natt. Den vil utta noko store endringa gå ette dei male so'n ha gjort dei to siste åre. Valdreskvelven spel- og dansarlag har no bra orden på mykji, men e kankji garantere at stemnegeneralen, ho Kari Hagaseth, vil stille mæ stjerno o stripo på buna'n sino den dagen. Go mat får du kjøpt, hugsa e heilt feil enn vart dæ nemt Smørbukksodd?

Merk dikkan dato'n, 10. april o det bli på Åsvang, kan vera gødt mæ ein innedag då når du so vidt ha fått tå de skiud'n ette påsketuro. Meir informasjon kjem ette kort, berre by'n o øve. Teskipara æ Valdreskvelven spel- og dansarlag samen mæ eigarn tå tetaket, Valdres Folkemusikklag.

*Velkomne ska dø væra,
helsing frå hono Ivar.*

Yngretreff i Skrautvål

20. mars kl. 10.30–16.00 er det tid for Yngretreff på Skrautvål skule. Yngretreff er for tøffe jenter og gutar som spelar, syng eller dansar. Gled deg til kurs, pizzaeting, leik og dans, og endå meir pizzaeting – fram til huskonsert kl. 15.00, med kaffi, kaker og loddsal. Programmet er ikkje klart enno, men de kan ta kontakt både for spørsmål og påmelding til Tove Grethe Kolstad, mobil 900 51 628 eller Gustav Berger, telefon 61 36 38 01.

Deltakaravgifta er kr. 100 for dei som ikkje er medlemmer i noko spel- og dansarlag, medan det er gratis for medlemmer. NB: Ein kan teikne medlemskap på treffet, det kostar kr. 75,-. Påmeldingsfrist 17. mars.



Lea de

Det lakkar og lir mot sluttframsyning

Lea de går inn i siste fase av det treårige prosjektet Bygda dansar! Det er utruleg kor fort tida har gått! Det har vore ein krevjande jobb og eg legg ikkje skjul på at ambisjonsnivået var skyhøgt då eg starta i jobben. I eit slikt prosjekt er det naudsynt å prioritere kva ein ynskjer å satse på.

Det ligg dessutan føringar i retningslinene for korleis ein skal drive Bygda dansar. Noko av målet er å utvikle nye måtar å drive rekruttering, opplæring og scenisk bruk av folkedans på, og jammen har eg også lært mykje! Eg er utruleg takksam for alt eg har lært gjennom denne prosessen, og all ære til Egil Bakka ved Rff-senteret i Trondheim som ser kor viktig det er å byggje kompetanse gjennom slike prosjekt!

Koreografi og dansetrening

Me er som sagt i sluttfasen av prosjektet og sluttframsyningane har hovudfokus! Me har ei helgesamling i månaden, og her er det arbeid med koreografi som tek det meste av tida! Me legg likevel eit stort fokus på å arbeide med den generelle dansetreninga også, noko som er ein føresetnad for at kvaliteten på framsyninga skal bli bra.

På alle dei lokale øvingane rundt om i fylket er det den generelle dansetreninga som står i fokus. På helgesamlingane ser eg ein stor motivasjonsfaktor i det å veksle mellom vanleg dansearbeid og arbeid med koreografi! Å ha konkrete mål å arbeide mot blir avgjerande for om slike rekrutteringsprosjekt blir vellukka eller ikkje!



Torsdagskonsert under Jørn Hilme-stemnet

Me har ein hektisk vår/sumar framføre oss. Nokre av ungdomane som har vore med i prosjektet er utplukka til å delta på seks framsyningar på Dansens Hus i Oslo dagane 7.–11. mai, i samband med eksamensframsyningane til student og kunstnarleg leiar i Lea de, Sigurd Heide. Desse ungdomane skal arbeide saman med tre profesjonelle dansarar dei siste vekene før framsyningane! Framsyninga let seg inspirere av Tarjei Vesaas sin roman "Fuglane". Vidare skal framsyninga byggast ut til å omfatte heile danseensemblet i Lea de med omlag 30 dansarar.

Lea de (forts.)

Musikarane i prosjektet er Jan Beitohaugen Granli, Nina Fjeldet, Inge Gjevre og Stein Villa. Framsyninga skal mellom anna visast på torsdagskonserten i kulturhuset under Jørn Hilme-stemnet i sumar. Publikum bør førebu seg på ein ny måte å bruke folkedans på der Sigurd Heide leikar og let seg inspirere av andre sjangrar. Likevel vil rørslemønsteret frå folkedansmaterialet i Oppland ligge som fundament for heile framsyninga. Me legg slik vekt på å lage ei framsyning der me på ingen måte arbeider oss vekk frå "folkedans-stilen" sjølv om rammene for dansen blir endra!

Helgesamlingar

I skrivande stund held eg på med planlegging av den neste helgesamlinga som blir på Vinstra 19.–21. februar. Vidare blir det helgesamling 19.–21. mars og 23.–25. april. Rett etter landskappleiken planlegg me ei samling for å få klar framsyninga som skal visast i sumar. Slik det ser ut no ligg det an til å bli framsyning i Bergen 1. juli. Me kjem til å trenge mykje hjelp frå det friviljuge miljøet for å få prosjektet i hamn slik me ynskjer. Så ta gjerne kontakt om du vil ta del i prosjektet og lære ein fantastisk gjeng med ungdommar å kjenne. Ivar Hemsing har trufast fylgt prosjektet so langt og fortener all den takk me kan gje! Han har etablert seg som ein "Lea de-far" og stiller opp som både sjåfør, innkjøpssjef, kjøkensjef, nattevakt osv. Stor takk går også til eit fantastisk vertskap under helgesamlinga på Ulnes skule i haust! Me går no eit spennande halvår i møte og de er alle hjarteleg velkomne til å fylgje oss i denne prosessen!

Me har eit stort ynskje om at de tek ein tur innom på dei lokale øvingane og ser kva me driv med. I Valdres har me øvingar kvar måndag klokka 16.00 på Fagernes barneskule.

Stian Roland

Skandaleblad

Styrelleiar i VFL, Frode Rolandsgard, beklagar at vi diverre ikkje har klart å skaffe ein ny redaksjon til Låt o link. Dette tvang oss til, mot mange si vilje, og spørja den famøse, gamle redaksjonen frå perioden ca. 2002-2008 (Ole Bråten, Knut Bråten og Aud Søyland) om å ta på seg eit nytt nummer. Det er velkjend for alle at Låt o link var langt betre det året (2009) Kjellbjørn hadde ansvaret og B.Strond og underteikna var med i redaksjonen. Etter ei grunding vurdering vart vi einige om at det tross alt er betre att Ole og Knut tek på seg arbeidet, enn at det ikkje kjem ut noko nytt nummer. Som de ser av bladet de no held i hendene, var dette ei alt for lite fundert avgjerdsle.

/ anonym styrelleiar

Kompetansesenter etablert i Valdres

Austnorsk folkemusikksenter arbeider for profesjonelle folkemusikarar og andre utøvarar, i Valdres og på resten av Austlandet. Me ynskjer å kunne gje rettleiing, rådgjeving og hjelp til utøvarar som har musikken heilt eller delvis som leveveg. Dei fleste musikarar kombinerer konsertverksemd med arbeid i kulturskulen, i skuleverket, for festivalar og liknande, og desse vil naturleg kunne vera medlemar i kompetansesenteret.

Austnorsk folkemusikksenter er og ein del av eit rytmisk nettverk på Austlandet, som vil arbeide med oppgåver overfor heile det rytmiske musikkfeltet. Dei to andre aktørane i nettverket er Østnorsk jazzsenter (Oslo) og Delta Øst (pop- og rocksenter på Lillestrøm). Austnorsk folkemusikksenter vil etter kvart få si eiga heimeside og me vil arrangere seminar der me ynskjer å samle så mange musikarar og arrangørar som mogleg innan det rytmiske feltet.

Det fyrste seminaret er planlagt til oktober 2010, og temaet vil vera etablering og oppbygging av konsertscener. Ynsket er å kunne etablere ei fast scene også i Valdres og andre plassar i Oppland til bruk for alle musikkjangrar. Kompetansesenteret har eit styre og ein dagleg leiar i 60 % stilling med arbeidsplass på museet.

Ta gjerne kontakt og meld deg som medlem dersom du er utøvande musikar! Det er enno inga medlemskontingent.

Bente Hemsing (mobil 971 52 445)



Mjølkerampa

Fashion – ei gløymd sak

Har du stussa over at mange enno nyttar slipsnål og liksombunad i miljøet vårt? Ja, du ser det nok, du og. Men seier du ifrå? Kor lenge skal vi tole synet av desse husflidstyrannane i gamalrosa og heimevove drøs, ein arv i frå 80-talet og OL på Lillehammer. Kvifor må i særleg grad kvinnfolka kle seg som om dei hørde til i eit førindustrielt og primitivt samfunn? Kor er glitteret, spør vi. Kor er glamouren? Drinkane og dei høghæla skoa? Jau, nokre av dei finns, men blir år etter år stigmatiserte, latterleggjorde og mobba av husflidsmafiaen.

Nei, la oss ein gong for alle attføre den gode gamle dressen, skulderputene, lepestiften, krepptonga og dei høghæla skoa. Om fotfolket ikkje er modne for nye motar, vil vi føreslå at Valdres Folke-musikklag, no i denne stund, tek kontakt med våre eigne designarar på Tonsåsen, Arne & Carlos og bed dei utvikle helge- og sykneklede i alle storleikar til nedsette prisar for medlemmene i laget.

Venleg helsing
Anonyme tvillingar

Til mjølkerampa

Kjære, kjære mjølkerampe. Det er mangt ein skulle ha sagt – og ikkje tagt, i denne skrivande stunda, i denne einsemnda om strammar seg i oss. Ja. Og så var det Bjørn Strand. Denne go'guten frå Strand. Måtte han ein dag bli som folka elles i bygda. Men han er på god veg. Det veit vi. No sist er han observert, i friskt driv, på Fodnesåsen, åleine, i litt for store joggesko, men likevel i fint driv. Kvifor denne trimminga, Bjørn? Kva er det som rir deg? Vi er mange, mange som no ynskjer deg attende til kakebordet og dei sosiale laga. Døra er open. Du er hjarteleg velkomen.

Venleg helsing
Anonyme tvillingar

Veret

Alle snakkar om veret. Men ingen gjer noko med det! Ja. Så gjer noko, då! – Men gråt ikkje om det snør og det er vinter, som Gro Anita Schønn ein gong song så vakkert. Det handlar om å ta til takke, og ikkje klage bestandig. Slutt med sutringa. Veret kan ein då verkeleg ikkje få gjort noko med. Verre var det i Iran. Vi minnst keisarinne Farah Diba, som vart kjeppjaga av sitt eige folk. Kva galt hadde ho gjort? Var det veret? Nei, det var sjølv sagt sutringa og den ævelege klaginga om alt og alle. Og misunn-ninga, då. Kva gjorde det vel at Farah tuska til seg nokre juvelar frå hist og pist? Noko måtte ho då glede seg over. Ja. Ja. No bur ho i Paris og ventar på å kome attende til landet sitt og den gamle Påfugltrona. Slik går det – om ein klagar på veret.

Venleg helsing

Oss megger imellom



Farah Diba:
Sjå kor vakker ho er.

Status for Valdres folkemusikkarrangement AS - 2009

Rekordår!

Deltakar- og publikumsrekord, Hemsing-systrane, Kvarts, Valkyrien Allstars, Knut Hamre, Martin Myhr og mykje, mykje meir. Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet vart gjennomførte til 20 i stil, og med fjellstøe nedslag legg dei gode grunnlag for 50-årsjubileum og storfeiring denne sommaren.

Strunkeveko og Ministrunken hadde i 2009 deltakarrekord der om lag 150 barn og unge møtte opp på kurs! Jørn Hilme-stemnet hadde kring 9000 besøkande, også det var rekordstort besøk.

Økonomisk har Jørn Hilme-stemnet 2009 gått svært bra, og overskotet ligg på om lag 200 000 kr. Strunkeveko opplevde i 2009 ein markant nedgang i støtte, og vil trass i deltakarrekord, gå vel 20 000 kr i underskot. Dette er andre året Strunkeveko går i underskot, og ein jobbar no for å få auka støtta til kurset. Gledelig er det då at Oppland fylkeskommune har gått inn ei treårig avtale med Strunkeveko om ei årleg støtte på 90 000 kr. Det er likevel eit paradoks at eit så populært og vel etablert rekrutteringstiltak fell utanom dei fleste støtteordningane.

2010, jubileum og storstilt feiring

Planane for 2010 er store og gode. Jørn Hilme-stemnet feirar i sommar 50-årsjubileum, noko som vil gå som ein raud tråd gjennom heile festivalprogrammet. Det blir mellom anna ein jubileumskonsert i Kulturhuset på Fagernes, der ein med film, arkivopptak og levande musikk vil få ei reise gjennom dei Jørn Hilme-stemnet si historie.

Festivalartisten i år er den lokale storspelemannen Jan Beitohaugen Granli. Han blir å sjå og høyre i fleire høve gjennom festivalveka, både i solo og samspel. Vidare vil solefallskonserten på Jaslangan by på eit tingsingsverk av Frode Fjellheim. Funna av



sametuftene på Rensenn er bakgrunn for tingsingsverket, der samisk musikk møter langeleik- og feletonar frå Valdres ved Ole Aastad Bråten og Ragnhild Hemsing.

Kyrkjekonsertturneen er kvar sommar eit svært populært innslag, og til sommaren kjem ingen ringare enn spelemannprisvinnaren Gjermund Larsen (fele) med sin trio. FRIKAR kjem også innom med ei ny framsyning som har fått tittelen MJØLK.

Nybygget på museet vil stå ferdig til Jørn Hilme-stemnet, og vil saman med dei gamle stovene, kyrkjene rundt om i Valdres og dei andre særeigne og gode lokala våre gje ei stemningsfull og fin ramme kring ei storstilt 50-årsfeiring.

Aktivitetar i lokallaga

Vårflaumen vonar vidare

Den verdskjente folkemusikk- og folkedanstruppen, Vårflaumen, planlegg fleire dansekveldar med vekt på bonde, våren 2010. Datoar er enno ikkje fastsett, så følg nøye med i avisa og på nettsida til Valdres Folkemusikklag, er oppmodinga frå Lise-leiar.

Elles oppmodar styret folk i heile vakre, varierte Valdres til å koma med innspel til kva slags kurs og aktivitetar laget skal sysle med. Og ikkje minst, er det interesse for felles overnatting på Landskappleiken på Voss? Kontakt leiar-Lise på mobil: 920 99 521. Og ein ting til, er det stemning for å kjøpe denne fjorkviga til felles matstell under kappleiken? Kontakt Gunnar Kværne Amundsen!



Aktivitetar i Valdreskvelven spel- og dansarlag

Feleøving 2–3 gonger i månaden. Kontaktperson er Lady Laura Ellestad from Canada! Toradar- og trekkspeleøving ein gong i månaden på Torsheim. Tom Kjetil og Monica er inspiratorar her. Langeleikøving førebels berre i kulturskula. Laget arbeidar for å få til øvingskveldar på Torsheim. Kontaktperson er Bjørg Berge.

Lyst på ein svingom? Møt opp på dansekveldane på Torsheim, søndag 14. februar og søndag 14. mars på Torsheim i Grindaheim. Begge kveldane 19.00–21.00. Torsheim ligg ovafor gamle COOP butikken i Grindaheim, rett sør for kyrkja. Gløym ikkje instruksjon i ulike danseformer frå klokka 18.00–19.00, same kveld. Tilbodet er særleg retta mot dei unge, men alle som ynskjer og føler dei har glede av det er velkomne. Inngang kr 50,-. Kaffi/saft og kakestykke inkludert. Ungdomar går gratis.

Mønstringskonsert på Vang barne- og ungdomsskule. Fredag 19. mars er Valdreskvelven medarrangør og deltakar under Mønstringskonserten på Vang barne- og ungdomsskule.

17. mai på Torsheim. Valdreskvelven og Vang Songlag skipar til fest på Torsheim i Grindaheim, på sjølvaste nasjonaldagen. Ta på deg finstasen og møt opp. Dans, kulturelle innslag og dans.

Aktivitetar i Øystre Slidre spel- og dansarlag

Sundagsdans i spelemannstoga: 18. april, 30. mai, 13. juni og 20. juni (alle kveldar klokka 19.00). Fredagsdans i spelemannstoga: 5. mars, 7. mai og 4. juni (alle kveldar klokka 20.00).

Påskefesten blir onsdag 31. mars kl. 20.00, også i spelemannstoga.

Folkemusikk i notid og framtid

Tilskottordninga "Folkemusikk i notid og framtid" held fram. I tre år har kommunane i Valdres støtta 27 produksjonar med til saman 750 000 kroner. Fleire av dei har generert tilskott frå andre tilskottsordningar. Produksjonane har vore synt fram i skolane i Valdres og i fylket, og på fleire festivalar både i Valdres og elles i landet.

Ei evaluering har sett på ulike modellar for vidareføring av ordninga. I forslaget til ny ordning vil kommunane yte ein mindre del enn no. I tillegg trekker Oppland fylkeskommune seg frå eit forpliktande samarbeid. Fylkeskommunen aukar derimot ramma for prosjektstøtte til musikkproduksjonar. Heile 800 000 kroner er til fordeling her, og mykje talar for Valdres-skapte folkemusikkproduksjonar får nytte godt av denne avsettinga.

Anne Strand Moen

Valdres Natur- og Kulturpark



Landslaget for Spelemenn og Norsk folkemusikk- og danselag slått saman

Den 23. november vart LfS og NFD samla i eitt lag att. Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg er namnet på nyskapinga. Som mange andre nyfødde har ungen fått det mange meiner er eit kallenamn. Eit nytt namn blir difor truleg vedtatte på årsmøtet til hausten.

Samanslåinga er noko mange har sett fram til, og vi trur at dette skal gje arbeidet for folkemusikk og -dans større tyngde i framtida, anten det er på grunnplanet eller mellom dei profesjonelle utøvarane. Ein skal heller ikkje leggje skjul på at det er utfordringar ved å slå saman to administrasjonar, samtidig som ein skal ta vare på den kompetansen og erfaringa dei tilsette har kvar for seg. Følg med på www.folkemusikk.no

Dansedokka Nils frå Leine

Dokkedans til langeleikspel er ein tradisjon som heng i ei tynn tråd i Valdres. I samband med feiringa av Ragna Brenno Frydenberg sin 100-årsdag hadde vi eit seminar som sette fart i interessa. Fleire av oss fekk laga kopier av dansehesten frå Tinn og ein Tore-kopi, dokka til Guri Moe, syster til Berit på Pynten, og som dei fleste kjenner frå eit Preus-foto.

I 2008 oppdaga vi at det var ei dansedokke på Dei Heibergske Samlingane i Sogn. I april i fjor drog me for å helse på dokka, og vart imponert! Ein svært forseggjort figur, ledda i knea og nydeleg skore. Og best av alt: Han kjem frå Vang, frå Leine. Så då gav me han namnet Nils, og håper jubилanten på Leine set pris på heideren!

Nils har vore på Ringve Museum og blitt konservert og fotografert utan sekundær kledning, dvs dei originale tekstilane som satt utanpå den skorne bunaden hans. Ut frå klesdrakta kan me rekne at han er laga litt før 1850. Han er truleg kome til Borgund med Marita Tørresdatter Leine, som vart gift til Hegg i Borgund i 1838. Dokka og tilhøyrande langeleik er blant dei fyrste gjenstandane som kom til Dei Heibergske Samlingane heilt fyrst på 1900-talet.

No blir Nils kopiert. Arbeidet blir utført av Dana frå Polen og Evert i Nederland. Kan hende stiller eg med min eigen Nils på Valdreskappleiken?

Elisabeth Kværne



Nytt folkemusikkblad

No er det endeleg her! Det nye bladet er snart i postkassene. Gled dykk! Noreg har fått eit nytt og endå betre folkemusikkblad på tuftene av gode, gamle Spelemannsbladet og medlemsbladet Kvintan. I bladet kan du lese fagartiklar, sladder, reportasjar, platemeldingar, portrett, kronikkar og mykje meir. Bladet har mykje nytt, men og mykje frå gamal tid.

Bladet Folkemusikk kjem ut med fem nummer i året, har eit gjennomsnittleg sidetal på 52 og blir redigert etter Redaktørplakaten. Det er Knut Aastad Bråten som er redaktør og han tek imot innspel frå stor og liten. Er du i nærområdet, er det berre å stikke innom kontoret, skriv han i ein vakkert dekorert e-post. Her blir det servert serinakaker og surmjølk.

Tilbudspris til nye abonnentar: 200 kroner!
Send førespurnad, idear og kritikk til knut@folkemusikk.no



Det nye bladet er meir sexy enn det gamle.

Låt ò Link

2009 var eit Annus Horribiles, sett med medieauge. Fem års seriøs folkemusikkjournalistikk vart i januar erstatta av underbuksehumor og flåsete kommentarar, blotta for refleksjon og kritisk tenking. Fire nummer var alt som skulle til. Mykje må gjerast for å rette opp skadande dei har påført bladet og laget. Ein slags takk kan dei no alltid få. Gløym ikkje namna deira: Bjørn Strand, Kjellbjørn Karsrud og Frode Rolandsgard.


Eit under at bladet i det heile har kome ut, tenkjer du? Hjelp har desse arme krokane naturleg nok vore avhengige av. Solveig Hårdnes har kopiert, bretta, stifta og festa adresseetikettar. Nils Leine er enno med som designar, grafikar og formgjevar. Takk til desse to for god og heiderleg innsats. (Nokon fortel i skrivande stund at Nils Leine ikkje har vore med som grafikar dette året. Vi takkar han likevel for den han er og for tidlegare innsats. Takk, Nils. Du er ein sann ven.)

Pressens travle utval

Profil

Esther Sonja Bergene er eit grepa kvinnfolk. På vinterstid bur ho i Ulnes. Men, når vårlufta presser på tek ho med seg kaffikjelen og dreg til fjells, nærmare bestemt Rust. Her kosar ho seg dagen lang med bærplucking og huldredans.

B



Nyttige navn og nummer

Lokalag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Bejnalljom spel- og dansarlag	Tor Morten Røhr	61 34 63 35 (p)	990 37 541	
Einedal spel- og dansarlag	Bergjot Hedda Lunde		481 28 610	hemsing@czi.net
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Ivar Hemsing	61 36 74 02 (p)		elisabeth.bring@czi.net
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)	915 77 695	randifoer@online.no
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	948 60763/97061213	lisenor85@hotmail.com
Varfaunem spel- og dansarlag	Lise Lunde Brennhagen			
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Magne Olav Selland			
Valdres folkemusikklag				
Leiar	Frode Rolandsgard	61 36 46 71 (a)	905 12 055	post@hlme.no / info@hlme.no
JH-stemnet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes		957 55 307	
JH-stemnet, styreleiar	Svein Erik Hillmen		992 95 056	leiar@strunkeveko.no
Strunkeveko, dagleg leiar	Ingvild Lie	61 36 46 71 (a)	986 23 123	elmafug@online.no
Strunkeveko, styreleiar	Eli Mart Fuglesteg			
Låt o' Link, redaktør				
Andre				
Valfag i tradisjonsdans	Stian Roland		907 22 690	rolandstian@hotmail.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kvaerne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Instrumentverkstaden	Knut Ophheimsbakken	61 35 99 30 (a)	952 57 656	
	Oddrun Hegge	61 35 99 30 (a)	971 76 868	
LFS	Nils Øyvind Bergset	22 71 33 97 (p)	416 39 567	niloberg@online.no
LFS, dagleg leiar		22 00 56 20 (a)		lfs@folkemusikk.no
Folkemusikk	Knut Aastad Bråten		907 68 797	knut@folkemusikk.no

RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES